



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 20/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## S711, Nørre Trøllhøvd – erstatte eldre uthus/fjøs med tilsvarande nytt

Eigar av S711 – Per Magne/Anna Lagrud Granli søkjer om å rive eit eldre uthus som skal erstattast med tilsvarande nytt. Måla er oppgjeve til 4,6m x 5,4m, jfr vedlagt bilete. Det oppgjes at stølen er i bruk til beite. Det vart opphavleg vurdert restaurering, men dei ynskjer no å rive heile og bygge nytt då dei finn det meir rasjonelt.

Uthuset nyttes til lagring av div utstyr/vedskåle osv.

Søknaden er sendt på høyring, og det er komme følgjande uttaler:

### Statskog:

*Statskog har mottatt søknad om å restaurere fjøs/uthus på støl med fnr. 711. Det er kommet inn tilleggsopplysninger om at bygget skal rives og bygges opp igjen med samme plassering og samme størrelse. Det foreligger ikke byggetegninger i søknaden, men det står at bygges skal være i same stil som eksisterende fjøs.*

*Statskog viser til Seterforskriftens § 10 som gir fjellstyret mulighet til å avgjøre slike endringer av bygninger for ei rasjonell utnyttning av utvist seter. Gitt at det er beiting av egne dyr, så må fjellstyret gjøre en konkret vurdering om hva som er rasjonelt og nødvendig for å bygge opp igjen et nytt fjøs.*

*I søknaden er det krysset av at søknaden gjelder fjøset/uthus, og at stølen benyttes til beite med egne dyr. Statskog ber fjellstyre innhente informasjon om hva som er planen og behovet og tegninger som viser hva bygningen skal benyttes til. Fjellstyret må gjøre en vurdering om det er behov for både fjøs og uthus.*

*Generelle vilkår om at bygningen skal følge lokale setertradisjoner og tilpasset kulturlandskapets sin egenart gjelder uansett om det restaureres eller bygges nytt.*

*Statskog har ellers ingen merknader til tiltaket.*

### Vestre Slidre kommune, landbruksavdelinga

*Bekrefter at garden er i drift og har ammekyr/storfe.*

### Innlandet fylkeskommune

*Enno ikkje motteke uttale, men fristen er ikkje gått ut. Dette ivaretas gjennom vilkår om at fylkeskommunen sine vilkår for utforming skal følgjast.*

### **Vurdering:**

Stølsforskriften § 10 ligg til grunn for avgjersle:

#### **§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus**

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnyttning av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

*Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Krav om drift er oppfylt. Når det gjeld behov, er det alltid trong for ein stad å lagre utstyr/vedskåle/utedo osv. Sjølv om det ikkje er trong for fjøs då drift i dag er beitedyr, ser ein at uthusfunksjonen like viktig. Ut i frå dei krav som er til vanleg drift med beitedyr anser administrasjonen at det er eit behov for å føre opp att tilsvarande bygg som står der i dag.

Så lenge bygget skal førast opp med same ytre mål, er det greitt med bilete som viser dette. Det er ein føresetnad at dette bygget ikkje vert isolert/montert pipe eller andre tiltak som gjer at det får ein anna funksjon enn uthus.

Det er og oppgjeve at nytt bygg vert tilnærma likt det gamle, ein føresett at dette og gjeld kledning osv. Med det som utgangspunkt vert det liten endring i høve til eksisterande situasjon, anna enn at ein får eit velfungerande uthus som vert plassert på ca same stad.

### Oppsummert:

Med føresetnad om at nytt bygg vert tilnærma likt det gamle i mål/høgde og utforming, samt plassering, tilrår administrasjonen å godkjenne omsøkt bygg.

**Framlegg til vedtak:**

Med heimel i stølsforskriften § 10, godkjenner Vestre Slidre fjellstyre omsøkt uthus, jfr vedlagte bilete på ca same plassering som eksisterande. Det er ein føresetnad at bygget ikkje vert isolert/montert pipe eller andre tiltak som gjer at det får anna funksjon enn uthus. Det føresettes og at utforming vert gjort i tråd med de krav/retningsliner som kjem frå Innlandet fylkeskommune.

**Vedtak:**

Med heimel i stølsforskriften § 10, godkjenner Vestre Slidre fjellstyre omsøkt uthus, jfr vedlagte bilete på ca same plassering som eksisterande. Det er ein føresetnad at bygget ikkje vert isolert/montert pipe eller andre tiltak som gjer at det får anna funksjon enn uthus. Det føresettes og at utforming vert gjort i tråd med de krav/retningsliner som kjem frå Innlandet fylkeskommune.

*Vedtaket er samrøystes.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 24.06.2022

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Per Magne/Anna Lagrud Granli  
Statskog  
Innlandet fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune